



## Skulerute 2021/ 2022

Månad	Tekst	Elevdagar
<b><u>2021</u></b>	<i>Planleggingsdag 11., 12. og 13. august</i>	
August	Oppstart for elevane: måndag 16. august	12
September	Elevfri: måndag 20. sept. (planleggingsdag)	21
Oktober	Hautferie: 11.–15. okt. (veke 41)	16
November	Elevfri: fredag 12. nov. (planleggingsdag)	21
Desember	Siste skuledag før juleferien: tysdag 21. desember	15
	<b>Elevdagar haust:</b>	<b>85</b>
<b><u>2022</u></b>		
Januar	Oppstart etter juleferien: måndag 3. januar Elevfri: måndag 24. jan. (planleggingsdag)	20
Februar	Vinterferie 28. februar	19
Mars	Vinterferie: 1.- 4. mars (veke 9)	19
April	Påskeferie 11.- 18. april Oppstart etter påskeferien tysdag 19. april	15
Mai	Fridagar: måndag 16. mai. tysdag 17. mai torsdag 26. mai (kr.h.) fredag 27. mai	18
Juni	Fridag måndag 6. juni (2. pinsedag) Siste skuledag: tysdag 21. juni	14
	<b>Elevdagar vår:</b>	<b>105</b>
<b>Sum dagar</b>		<b>190</b>
	<i>SFO er stengt på skulen sine planleggingsdagar</i>	



## Informasjon til heimane om frávær

Søknadar som gjeld fri for inntil 3 dagar vert handsama av kontaktlærar. Søknadar som omfattar meir enn tre dagar, vert handsama av rektor.

Ein skriftleg søknad må koma skulen i hende i god tid (minst 14 dagar) før frávær.

For å få permisjon etter opplæringslova § 2-11, må det leggjast til grunn ein søknad som er godt grunngjeven.

### Opplæringslova § 2-11

*“Når det er forsvarleg, kan kommunen etter søknad gi den enkelte eleven permisjon i inntil to veker. Elevar som høyrer til eit trussamfunn utanfor Den norske kyrkja, har etter søknad rett til å vere borte frå skolen dei dagane trussamfunnet deira har helgedag. Det er eit vilkår for retten at foreldra sørgjer for nødvendig undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute.”*

Skjema for å søkje om elevpermisjon og skjema for frávær som ikkje skal førast på vitnemålet kan ein få av skulen (ligg på skulane sine heimesider).

### Føring av frávær i grunnskulen

Forskrift til Opplæringslova § 3-41 omhandlar føring av frávær i grunnskulen. ”Frå og med 8. trinn skal alt frávær førast på vitnemålet. Frávær skal førast i dagar og enkelttimar. Enkelttimar kan ikkje konverterast til dagar. Eleven eller foreldre kan krevje at årsaka til fráværet blir ført på eit vedlegg til vitnemålet. Dette gjeld berre når eleven legg fram dokumentasjon på årsaka til fráværet. Døme på slikt frávær kan vera tannregulering. Dersom det er mogleg, skal eleven leggja fram dokumentasjonen av fráværet frå opplæringa på førehand.

For inntil 10 skuledagar i eit opplæringsår, kan eleven krevje at følgjande frávær ikkje vert ført:

- a) Dokumentert frávær som skyldast helsegrunnar
- b) Innvilga permisjon etter opplæringslova § 2-11.

For at frávær som skyldast helsegrunnar etter bokstav a) ikkje skal førast på vitnemålet, må eleven leggja fram ei legeerklæring som dokumenterer dette. Frávær som skyldast helsegrunnar må vara meir enn tre dagar, og det er berre frávær frå og med fjerde dagen som kan strykast. Ved dokumentert frávær etter bokstav a) på grunn av funksjonshemming eller kronisk sjukdom, kan frávær strykast frå og med første fráværsdag.

05.10.20

Kommunalsjef Ingebjørg Rullestad Gjerde